



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

Inger Marit Koldstadbråten
Grefsenkollveien 7a
0490 Oslo

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

ROGTOR - 26/9595

Arkiv:

47/169, L42

Vår dato:

24.08.2026

Saksnr.	Utval
242/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
211/26	Kommunestyret

47/169 - Igangsettingstillatelse - Riving,oppføring og endring av fasade på fritidsbolig. Samt flytting av uthus og stabbur-Søknad om rammetillatelse

Tiltak: Riving,oppføring og endring av fasade på fritidsbolig. Samt flytting av uthus og stabbur-Søknad om rammetillatelse

Byggjestad: Gbnr:
47/169

Tiltakshavar: Inger Marit
Koldstadbråten
Grefsenkollveien 7a
0490 Oslo

Ansvarleg
søklar: Trodahl Arkitekter
Kirkegata 3
4307 Sandnes

Vedtak

Kommunedirektøren v/ Leiar av næring, plan og byggesak godkjenner søknad om igangsetjingsløyve i samsvar med pbl. §21-2, femte ledd, for gnr. 47, bnr. 169, Skjærvike 16, som omhandlar riving, oppføring og endring av fasade på fritidsbolig, samt flytting av uthus og stabbur.

Vi tillét igangsetting av arbeid i samsvar med rammeløyve av 18.02.2026.

Igangsetjingsløyve omfattar: Endring av utvendig fasade, riving av deler av bygg og tilbygg på noverande fritidsbustad.

Sentralbord:	Dir. telefon:	Org.nr:	E-mail:	Heimeside:
61 35 25 00	47661108	961382068	Tore.rogne@oystre-slidre.kommune.no	www.oystre-slidre.kommune.no

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

1. Alt avfall frå byggearbeidet skal leverast til godkjent mottak. Det er ikkje lov å brenne avfall på eigedomen.
2. Vilkåra i rammeløyvet, datert: 18.02.2026, skal verte følgt, og er grunnlag for igangsetjingsløyve.
3. Det skal rekvirerast oppmåling for å fastsette grensene for eigedomen. Bruksløyve eller ferdigattest blir ikkje gitt før rekvisisjon om slik oppmåling er dokumentert inn til oss.
4. Det skal ikkje etablerast avlaupsanlegg eller leggst inn vatn for tiltaket.
5. Det er ikkje lov ta i bruk bygget før det føreligg mellombels bruksløyve eller ferdigattest.

Saksopplysningar

Trodahl arkitektur sendte inn søknad om igangsetjingsløyve.

Søknad kjem som ei forlenging av rammeløyve gitt i sak: 26/1922 datert: 18.02.2026.

Søknaden har oppdaterte teikningssett, vedlagt erklæringar frå dei forskjellige ansvarsområda, gjennomføringsplan og følgjebrev som beskriv endringar i tiltaket frå søknaden i rammeløyvet.

Vurdering

Søknaden har vedlagt følgjebrev som beskriv nokre mindre endringar frå tiltaket beskriven i rammeløyvet. Desse endringane er:

Totale lengde på fritidsbustaden blir endra frå 14,3m til 14,5 meter, og total bredde endrast frå 8,5 meter til 8,7 meter. Dette utgjer ei total auke på 1,6m² BYA (bebygd areal).

Oppdatert arealregnskap etter endringa blir då:

Eksisterande bebyggelse: 117,5m²

Deler av bygg som vert rive: -36m²

Ny bebyggelse: 46,6m²

Parkeringsareal på terreng: 36m²

Sum berekna areal: 164,1m²

Dette er innanfor rammene av behandlinga i rammeløyvet.

Det er også beskriven ei auke i mønehøgde med 0,2 m grunna auka dimensjon på takkonstruksjon for å få til meir isolering.

Det er også gjort mindre endringar i fasaden ved å fjerne nokre av vindauga.

Søknaden om igangsetjingsløyve syner endringar som er relativt små, og endringane fører ikkje til at tiltaket går ut over rammene gitt i rammeløyve av 18.02.2026.

Vilkåra i denne behandling, og rammeløyvet, skal verte følgt, og tiltaket er ikkje lov å ta i bruk utan mellombels bruksløyve eller ferdigattest.

I oppdatert gjennomføringsplan står Trodahl Arkitekter AS som SØK i tiltaksklasse 2. Vi vurderer tiltaket som i tiltaksklasse 1 og set derfor inn denne tiltaksklassa, som synt i tabellen under.

Erklærte ansvar i tiltaket jf. pbl §§20-3, 23-1 og 23-3

Føretak	Funksjon	Datert	Tiltakskl	Journaldato
Trodahl Arkiteter AS 976000412	SØK Heile tiltaket PRO Ansvar iht. til søknad UTF Ansvar iht til søknad	28.01.2026	1	28.01.2026
Hus og Hytte Laft AS 917693153	PRO Ansvar iht. til søknad UTF Ansvar iht til søknad	17.08.2026	1	21.08.2026
Fjell-Bygg AS 989143700	PRO Ansvar iht. til søknad UTF Ansvar iht til søknad	17.08.2026	1	21.08.2026
Plan og Oppmåling Valdres AS 988102431	PRO Ansvar iht. til søknad UTF Ansvar iht til søknad	20.08.2026	1	21.08.2026
Høgden Maskinservice AS 911711133	UTF Ansvar iht til søknad	14.08.2026	1	21.08.2026

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar datert 21.04.2026 med journaldato 21.08.2026.

Føresetnader med heimel i lovverket

1. I tilfelle tilsyn eller kontroll, skal dette løyvet alltid vere tilgjengeleg på byggjeplassen.
2. Det blir lagt til grunn at alle relevante funksjoner og ansvarsområde i tiltaket er dekket med nødvendig ansvarsrett jf. pbl §23-3.
3. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
4. Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk før ferdigattest er gjeve, jf. pbl § 21-10.
5. Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
6. Det må utførast intern kvalitetssikring slik at tiltaket ikkje strid mot føresegn gjeve i eller i medhald av plan- og bygningsloven.
7. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova.

Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar.

Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Tore Rogne
Saksbehandler bygg

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.

Mottakar			
Trodahl Arkitekter	Kirkegata 3	4307	Sandnes